

Årsmelding NGIR

2016






Foto: Birthe Dalland Rosson

Innhold

Forord	3
Organisasjonen	4
Styret	4
NGIR er til for deg	5
Eit naturleg val	5
NGIR og miljøet	6
NGIR som arbeidsgjevar	8
Personale og arbeidsmiljø	8
Ytre miljø	9
Avfallsmengder og gjenvinningsgrad	10
Avfallsmengder hushald og hytter	11
Rekneskap	12
Resultat	13
Fordeling av inntekter og kostnader	14
Resultatrekneskap	15
Balanse per 31.12.	16
Notar til rekneskapen	17
Kontantstraumanalyse 01.01. - 31.12.	21
Revisjonsmelding	22-24
Representantskap 2016	25

Forord

Det er gledeleg å registrera at den samla avfallsmengda som NGIR tok imot frå hushald og hytter gjekk ned med 2,4 % i 2016, samanlikna med 2015. Mengda restavfall vart redusert meir enn mengda kjeldesortert avfall, og gjenvinningsgraden gjekk difor opp frå 55,4 % til 55,9 %. Potensialet for kjeldesortering med dei ordningane NGIR tilbyr er likevel langt høgare, og arbeidet med å få fleire til å sortera betre held difor fram. I tillegg utvidar NGIR ordningane. Eit døme på dette er prøveprosjektet for innsamling av klede/tekstilar/sko som NGIR gjennomførte i delar av Austrheim og på Fedje i 2016, og som vil verta gjort permanent og utvida til heile NGIR-regionen i løpet av 2017.

I 2016 har NGIR gjennomført nokre store anbudsprosessar og inngått nye kontraktar på fleire område. Transport av avfall med komprimatorbil vart lyst ut på anbod tidleg i 2016, og NGIR fekk inn fire tilbod. Det var svært stor skilnad på prisnivået i tilboda, og tilbodet frå RenoNorden låg 39 % under det nest lågaste tilbodet. Etter ei nøye vurdering gjort både av jurist, konsulent og NGIR, vart det bestemt at NGIR skulle inngå avtale med RenoNorden, og kontrakt på 6 + 1 + 1 år vart signert i juni.

RenoNorden publiserte i august ei børsmelding der det kom fram at dei skreiv av betydelege beløp i rekneskapen grunna feilprising i nokre kontraktar dei hadde inngått. NGIR var mellom desse, og RenoNorden vil venteleg tapa pengar i heile kontraktperioden. Det vart arbeidd mykje i NGIR utover hausten for at oppstart av ny kontrakt frå 01.01.2017 skulle gå best mogleg. Det var tydeleg at RenoNorden ikkje hadde sett seg godt nok inn i omfanget av oppdraget, og ikkje hadde sett av nok ressursar til å gjennomføra det. NGIR er budd på at oppfølging av denne kontrakten vil krevja meir ressursar enn tidlegare kontraktar.

Frå 1. april 2016 fekk Rekom kontrakt på å ta hand om restavfall frå NGIR til forbrenning. Prisnivået har auka monaleg siste åra, og ny kontrakt vart om lag 20 % dyrare enn førre kontrakt. Størstedelen av avfallet frå NGIR

vert sendt til forbrenningsanlegg i Sverige, med svært høg energiutnyttingsgrad. Omlag halvdelen av avfallet vert transportert med tog, og den andre halvdelen med returtransport på trailer. Prosentdelen av avfall transportert med tog er aukande, og også dette er returtransport. Dette, saman med den høge energiutnyttingsgraden ved anlegga i Sverige, gjer at miljørekneskapen vert positiv, trass den lange transporten.

Kostnaden til å handsama treverk har auka monaleg dei siste åra. Tidlegare betalte NGIR for transport, men fekk betalt for treflis levert flisfyringsanlegg. I 2016 endra dette seg til at NGIR måtte betala både transport og mot-taksavgift for treflis.

Auka kostnader til handsaming av restavfall og treverk ville ha ført til auka renovasjonsgebyr, men redusert kostnad til transport med komprimatorbil gjorde at renovasjonsgebyret vart føreslege sett litt ned i 2017, for deretter å verta halde uendra nokre år framover.


Eg vil nytta høvet til å takka alle tilsette, samarbeidspartar, eigarkommunar og styrande organ for godt og konstruktivt samarbeid i 2016. Ikkje minst vil eg takka Sveinung Kråkås, som i mars gjekk av som representantskapsleiar etter 8 år. Han vart etterfølgd av Liv-Anne Aanesen.

Eg vil også nytta høvet til å takka for meg som dagleg leiar i NGIR, og ynskje Bjørn Berg velkomen som ny dagleg leiar frå juni 2017. Eg er viss på at han vil følgja opp det som NGIR står for i dag, og halda fram med å utvikla selskapet til å tena innbyggjarane, eigarane og miljøet på best mogleg vis.

Erlend Kleiveland
Dagleg leiar



Organisasjonen



Styret

Helge Fjellanger
(Styreleiar)

Kari Torkildsen Utkilen

Martin Soltveit

Ottar Skjelvik
(Nestleiar)

Kristin Handeland



NGIR er til for deg

Avfallsinnsamlinga er i Noreg eit kommunalt ansvar. Dei sju Nordhordlandskommunane Austrheim, Fedje, Lindås, Masfjorden, Meland, Modalen og Radøy, samt Gulen og Solund i Sogn og Fjordane, har gått saman om å løysa denne oppgåva gjennom NGIR.

NGIR freistar å leggja til rette ordningar som er praktiske for kundane, som gjev rom for miljømessig god avfallshandsaming og som gjev god samfunnsøkonomi. I mange høve er dette mål som er moglege å kombinera.

Eit naturleg val

Hushald og hytter plikter å levera avfallet sitt til dei kommunale ordningane. Verksemdar kan derimot velja om dei vil nytta kommunale tenestetilbod, eller tilbod frå andre aktørar i marknaden.

NGIR sine eigarkommunar har alltid meint at NGIR bør tilby avfallstenester ikkje berre til hushalda i regionen, men og til næringslivet. Selskapet er difor ein aktiv aktør i denne marknaden, og kan med glede registrera at langt dei fleste verksemdar i NGIR-kommunane vel nettopp NGIR til å ta hand om avfallet sitt.




Foto: NGIR

NGIR og miljøet

NGIR driv miljøarbeid på mange plan.

Gjennom haldningsskapande arbeid freistar selskapet å spreia kunnskap om korleis forbruket vårt av ting påverkar t.d. klimaet gjennom energi- bruk og forureining knytt til produksjon av varer.

Ved å leggja til rette for avfallssortering og gjen- vinning syt NGIR for at ressursane i avfallet vert best mogleg utnytta. Dette er eit viktig miljøtil- tak, som reduserer energibruken og forureininga knytt til framstilling av nye produkt, og som re- duserer forbruket av ikkje-fornybare ressursar. I tillegg vert forureininga frå avfallet redusert, ved at miljøskadelege stoff vert sorterte ut og teke hand om på forsvarleg vis.

Trass i at nesten alt avfall no går til gjenbruk, til materialgjenvinning, eller til forbrenning med energiutnytting, vil avfallet som allereie er de- ponert i Kjevikdalen gje utslepp i mange år fram- over. NGIR overvakar både sigevatn og resipient, og samlar opp og brenn metangass. NGIR har ansvar for etterdrift av deponiet i 30 år etter at deponeringa er avslutta.

NGIR og lokalsamfunnet

NGIR ønskjer ikkje berre å vera ein passiv mot- takar av avfall. NGIR vil vera ein aktiv aktør i lokalsamfunnet – særleg i haldningsskapande arbeid knytt til avfallsreduksjon og gjenvin- ning.

NGIR inviterer skuleklassar til undervisning på avfallsanlegget i Kjevikdalen, og formidlar undervisningsmateriell om kjeldesortering og gjenvinning til skulane.

NGIR samarbeidar med ein del friviljuge lag og organisasjonar, og legg til rette for at dei arbeidar for miljømessig betre avfallsløysin- gar i eigen organisasjon og/eller overfor sine medlemmer/målgrupper/publikum.

Interessa for strandrydding og andre ryddeaksjonar i nærmiljøet har vore aukande dei siste åra, og NGIR er glad for å kunne vera med å leggja til rette for dette engasjementet. I tillegg til å ta hand om avfallet, tilbyr NGIR difor m.a. sekkar og hanskar til ryddinga, og konteinrar og transportløyisingar ved større avfallsmengder.



NGIR som arbeidsgjevar

For å kunna gjera ein god jobb for kundane våre, er NGIR avhengig av dyktige og engasjerte medarbeidarar. NGIR har mange tilsette som har vore trufaste i selskapet gjennom mange år. Noko fornying kan gje nye hovud som tenkjer nytt, men for stor utskifting fører til mykje opplæring og mangel på kontinuitet. For NGIR er det difor viktig å freista å vera ein attraktiv arbeidsgjevar.


I tillegg til å tilby konkurransedyktig løn og pensjonsordningar, legg NGIR vekt på å ha fleksible arbeidstidsordningar, moglegheit for utfordrande arbeidsoppgåver og utvikling i arbeidet, og å arbeida for eit godt arbeidsmiljø – både fysisk og sosialt. NGIR har vore IA-verksemnd sidan 2003.

Personale og arbeidsmiljø

NGIR hadde i 2016 eit sjukefråver på 7,9 %, mot 5,5 % siste 3 år. Gjennomsnittleg sjukefråvær blant tilsette i NGIR sine eigarkommunar var til samanlikning på 9,5 % i 2016. Lågt sjukefråver over fleire år tydar på at NGIR har lukkast i å skapa eit godt og inkluderande arbeidsmiljø.

Om lag 1/3 av dei tilsette hjå NGIR er kvinner. NGIR trur at ei blanding av begge kjønn, og variasjon i alder, er viktige faktorar for eit godt arbeidsmiljø. Ved nytilsetjingar i selskapet vert difor også desse faktorane teke med i vurderinga.

I NGIR sitt styre er 2 av 5 medlemmer kvinner, medan 6 av 19 medlemmer i representantskapet var kvinner i 2016.



Ytre miljø

Dei største verknadane NGIR har på ytre miljø skjer gjennom sigevassutslepp til Lurefjorden og metangassutslepp til atmosfæren frå deponiet. I tillegg har ein avgassar frå ulike køyrety som er knytt til avfallsinnsamling, avfallsutkøyring og drift. NGIR dokumenterar alle utslepp frå anlegget i rapport til Fylkesmannen avd. Miljø og Klima.

Utsleppa til Lurefjorden er i mengd kubikkmeter sigevatn omtrent dei same som tidlegare år, men sett over tid er det er ein tydeleg nedgang i tungmetallkonsentrasjonane i utsleppa. Når det gjeld utslepp av næringssalt er konsentrasjonane tilnærma lik tidlegare år. NGIR slutta i januar 2016 å ta imot kloakkslam for kompostering i Kjevikdalen, og dette vil på sikt redusera utsleppa av næringsstoff til Lurefjorden.

NGIR har i 2016 ikkje hatt andre utslepp til nærmiljøet som kan ha hatt verknad på resipienten.

NGIR fekk heller ikkje i 2016 etablert reinseanlegg for sigevatn frå deponiet. Dette skuldast uavklarte forhold om grunnnerverv til reinseanlegget.

Regelmessig prøvetaking viser at alle oljeutskiljarar som NGIR har i drift fungerer tilfredsstillande.

NGIR har i 2016 hatt fokus på betring av drift av gassanlegget som syg ut og brenn metangass. Trass i variable mengder og mange avbrott i drifta av anlegget, har ein klart å ta ut meir gass enn i 2015.

Årsrapport frå NGIR sin sikkerheitsrådgjevar melder om at det ikkje har vore uhell i samband med handsaming av farleg avfall i 2016.

Avfallsmengder og gjenvinningsgrad

I 2016 leverte kvar innbyggjar i gjennomsnitt 504 kg avfall til NGIR, mot 517 kg i 2015 og 496 kg i 2014. Den samla avfallsmengda som NGIR tok imot frå hushald og hytter gjekk ned med 2,4 % frå 2015 til 2016. Mengda restavfall vart redusert meir enn mengda kjeldesortert avfall, og gjenvinningsgraden gjekk difor opp frå 55,4 % i 2015 til 55,9 % i 2016.

Mengda restavfall frå hushald og hytter gjekk ned med 4,6 % frå 2015 til 2016. Mengda restavfall levert i dunkane heime hjå folk gjekk ned med 5,9 %, og restavfallsmengda levert på gjenvinningsstasjonane og til vår-/haustryddingane gjekk ned med 8,8 %. Mengda avfall levert i hyttekonteinrar gjekk opp med 7,3 %, og utgjorde 22 % av restavfallsmengda som NGIR tok imot frå hushald og hytter i 2016.


Frå april 2010 slutta NGIR å deponera nedbrytbart restavfall. I 2016 vart difor berre litt over 2,5 % av avfallsmengda frå hushald og hytter lagt på deponiet i Kjevikdalen. Resten gjekk enten til gjenbruk, til materialgjenvinning, eller til forbrenning med energiutnytting.

Innanfor det kjeldesorterte avfallet var det berre små endringar i levert mengde i 2016 samanlikna med i 2015. Oppstillinga under syner kor mykje kvar innbyggjar i snitt leverte av dei ulike avfallsfraksjonane i 2016.


Restavfall	222kg/innb.
Trevyrke:	110 kg/innb.
Papir/papp/drikkekartong/plastemballasje:	57 kg/innb.
Matavfall:	46 kg/innb.
Skrapmetall:	27 kg/innb.
EE-avfall:	13 kg/innb.
Avfall sortert til deponi:	13 kg/innb.
Glas-/metallemballasje:	9 kg/innb.
Farleg avfall:	6 kg/innb.
Klede:	0,5 kg/innb.

I 2016 heimekomposterte 28 % av hushalda i NGIR-regionen matavfall sitt, medan 72 % hadde biodunk. Fem år tidligare var det 35 % som hadde kompostbinge. Trass i nedgangen, er NGIR-innbyggjarane framleis blant dei i landet som er ivrigast til å heimekompostera.

Grafen under syner utviklinga i levert mengde avfall per person for perioden 2009-2016, fordelt på restavfall og kjeldesortert avfall.



Avfallsmengder hushald og hytter



Rekneskap 2016

Rekneskapen for 2016 er gjort opp med eit underskot før skatt på kr 2 379 606.

Resultat etter skatt er - kr 1 100 736.

Driftsinntektene var 100,5 millionar kroner, noko som er ein auke på 5,7 % frå 2015.

Driftskostnadene utgjorde 103,1 millionar kroner, ein auke på 7,8 % frå 2015.

Rekneskapen er lagt fram under føresetnad om framleis drift.

Driftsinntekter

Driftsinntektene var 100,5 millionar kroner, noko som er 2,5 millionar (2,6 %) meir enn budsjettert.

Inntektene frå hushald var kr 228 000 (0,4 %) høgare enn budsjettert.

Inntektene frå næring var kr 1 593 000 (4,8 %) høgare enn budsjettert. Dette skuldast meir utleige av konteinrar, meir transport fakturert gjennom NGIR og auka sal av kabel/metall.

Inntektene frå slam var kr 571 000 (7,9 %) høgare enn budsjettert grunna fleire tømte kommunale avskiljarar enn rekna med.

Inntektene frå bilvrak hadde eit positivt avvik på kr 153 000 (8,9 %). Avviket skuldast høgare pris på skrapjern enn budsjettert.

Driftskostnader

Driftskostnadene utgjorde 103,1 millionar kroner. Dette er 2,5 millionar (2,5 %) høgare enn budsjettert.

Driftskostnadene for hushald var kr 811 000 (1,4 %) høgare enn rekna med. Dette skuldast i hovudsak auka eksterne behandlingsskostnader for treverk og restavfall.

Driftskostnadene for næring var kr 2 558 000 (7,6 %) høgare enn budsjettert. Dette skuldast i hovudsak auka eksterne behandlingsskostnader for treverk og restavfall og korreksjon av lager av steinmassar til sals.

Kostnadene for slam var kr 911 000 (11,9 %) lågare enn budsjettert grunna at ein ikkje investerte i planlagt utstyr for slamhandsaming og avvikling av eigen slamkompostering.

Kostnadene for bilvrak var kr 30 000 (1,7 %) høgare enn budsjettert.

Finanspostar

Netto finanskostnader hadde eit positivt avvik på kr 74 000 på grunn av betre rentevilkår enn budsjettert.

Resultat 2016

Resultata (etter skatt) frå dei ulike områda er vist nedanfor:

	Resultat	Budsjett	Avvik
Hushald:	-2 205 000	-1 604 000	-601 000
Verksemd:	-45 000	-444 000	399 000
Slam:	1 060 000	-462 000	1 522 000
Bilvrak:	89 000	0	89 000
Sum	-1 101 000	-2 510 000	1 409 000

Resultata frå hushald og slam vert korrigert for alternativkostnad. Alternativkostnad vert utrekna ved å multiplisera historisk kostnad / netto anleggskostnad samt tomtekostnad (fråtrekt tidlegare års avskrivningar) med kalkylerenta. Kalkylerenta vert sett lik 5 års swaprente, med eit tillegg på 0,5 prosent. For 2016 utgjer den 1,68 %. Sjå note 12 for utrekning av alternativkostnad.

NGIR har i 2016 investert i varige driftsmidlar for 7,0 millionar kroner. Investeringane er spesifisert i note 3 til rekneskapen.

Langsiktig gjeld per 31.12.16 er kr 44 913 000, ein reduksjon på kr 2 390 000 frå 2015.

Eigenkapitalprosenten er 56 %, det same som i 2015.

Forpliktingane til etterdrift ført som langsiktig gjeld auka med kr 681 000, medan pensjonsforpliktingane auka med kr 904 000. NGIR hadde per 31.12.16 ei langsiktig lånegjeld på kr 29 812 500.


Rekneskapen gir eit rettvisande bilete av eigedelar og gjeld, finansiell stilling og resultat.

Det er ingen forsknings- eller utviklingsaktivitetar bokført i 2016.

Det er i rekneskapen ikkje sett av midlar til etterdrift frå hushalda. Eit beløp tilsvarende kalkulatorisk rentekostnad (kr 742 129) vert føreslege overført frå eigenkapital til etterdriftsfond, då dette er pengar som hushaldskundar betalar og som på grunn av regelverket rundt bruk av kalkulatorisk rente vert lagt til eigenkapitalen.


Fordeling av inntekter og kostnader

Inntekter



- Bilvrak (2 %)
- Hushaldsavfall (51 %)
- Næringsavfall (25%)
- Septikslam (8 %)
- Leigeinntekter (2 %)
- Sal av gjenvinnbart materiale (8 %)
- Sal av stein (3 %)
- Renteinntekter (1 %)

Kostnader



- Transport inn (27%)
- Transport ut (8 %)
- Handsaming av avfall (12%)
- Personalkostnader (25 %)
- Avskrivningar (9 %)
- Andre driftskostnader (19 %)


Resultatrekneskap


	Note nr.	Rekneskap 2016	Budsjett 2016	Rekneskap 2015
DRIFTSINNEKTER				
Handsamingsinntekter		46 835 568	46 452 000	43 478 761
Transportinntekter		38 152 080	36 874 000	36 284 818
Salsinntekter		12 987 763	12 588 000	13 034 290
Leigeinntekter		2 472 477	1 968 000	2 155 055
Andre driftsinntekter		75 966	97 000	111 747
SUM DRIFTSINNEKTER		100 523 854	97 979 000	95 064 671
DRIFTSKOSTNADER				
Vareforbruk		1 046 642	1 455 000	2 801 572
Handsaming av avfall		12 274 864	6 047 000	5 641 544
Steinuttak		4 569 859	3 060 000	2 518 781
Transport inn		28 309 780	28 194 000	28 025 371
Personalkostnader	2, 8	26 064 122	26 465 000	25 765 720
Avskrivningar	1, 3	8 826 165	10 934 000	9 770 379
Transport ut		8 342 745	11 145 000	8 881 970
Energi til produksjon		1 043 956	1 386 000	1 106 734
Reparasjon og vedlikehold		4 231 975	3 520 000	4 179 948
Andre driftskostnader	10	8 364 844	8 380 000	8 102 854
SUM DRIFTSKOSTNADER		103 074 952	100 586 000	95 688 136
DRIFTSRESULTAT		-2 551 098	-2 607 000	-623 465
FINANSINNEKTER OG FINANSKOSTNADER				
Finansinntekter		675 359	529 000	702 855
Finanskostnader		503 867	432 000	633 243
NETTO FINANSPOSTAR		171 492	97 000	69 612
RESULTAT FØR SKATT		-2 379 606	-2 510 000	-kr 553 854
Skattekostnad	11	-kr 1 278 870	-kr 111 000	kr 538 663
RESULTAT ETTER SKATT		-1 100 736	-2 399 000	-kr 1 092 517
		Disponering:	Sum etter disp.	
Bruk av utjamningsfond hushald	12	-2 971 514	-70 883	
Avsetjing til utjamningsfond slam	12	1 117 525	4 139 280	
Avsetjing til etterdriftsfond	10	742 129	15 071 145	
Avsetjing til egenkapital		11 124	45 692 336	
Sum disponering	10	-1 100 736		

Balanse per 31.12.

EIGNELUTAR	Note nr.	2016	2015
VARIGE DRIFTSMIDLAR			
Utsett skattefordel	11	1 278 870	0
Bygg, anlegg, tomtar	3	47 960 700	50 881 099
Maskiner	3	7 432 720	6 453 385
Utstyr	3	8 932 435	8 806 482
Aksjar	6	715 989	639 732
SUM ANLEGGSMIDLAR		66 320 714	66 780 698
OMLAUPSMIDLAR			
Varelager og forskot til leverandører	9	2 869 000	3 423 629
Kortsiktige fordringar	7	12 083 539	11 452 835
Kontant, bank	4	49 916 699	52 239 818
SUM OMLAUPSMIDLAR		64 869 238	67 116 283
SUM EIGNELUTAR		131 189 952	133 896 981
GJELD OG EIGENKAPITAL			
EIGENKAPITAL			
Interessemidlar	4	100 000	100 000
Opparbeidd eigenkapital	4	45 692 336	45 681 212
Miljøfond	4	9 500 000	9 500 000
Utjamningsfond hushald	4	-70 884	2 900 631
Utjamningsfond slam	4	4 139 281	3 021 756
Etterdriftsfond resultatdisponering		15 071 145	14 329 016
SUM EIGENKAPITAL		74 431 877	75 532 613
LANGSIKTIG GJELD			
Pensjonsforpliktingar	8	4 155 171	3 251 049
Etterdriftsfond rekneskapsavsetning	10	10 945 662	10 265 137
Lån i Norges Komunalbank	5	29 812 500	33 787 500
SUM LANGSIKTIG GJELD		44 913 333	47 303 686
KORTSIKTIG GJELD			
Leverandørgjeld		9 071 352	7 719 548
Arb.gj.avg., mva	4	275 264	630 122
Skattekostnad	11	0	538 898
Anna kortsiktig gjeld		2 498 126	2 172 114
SUM KORTSIKTIG GJELD		11 844 742	11 060 681
SUM GJELD OG EIGENKAPITAL		131 189 952	133 896 981


Kristin Handeland


Kari T. Utkilen


Martin Soltveit


Ottar Skjelvik


Helge Fjellanger


Erlend Kleiveland

Notar til rekneskapen

Note 1 - Rekneskapsprinsipp

Årsrekneskapen er sett opp i samsvar med rekneskapslova. Den er utarbeidd etter norske rekneskapsstandardar og tilrådingar til god rekneskapskikk. For skildring av nytta rekneskapsprinsipp vert det vist til dei einskilde noter.

Note 2 - Tilsette, godtgjerings m.m.

Det er registrert følgjande lønskostnader for selskapet dei siste to åra:

	2016	2015
Løn	19 548 403	19 022 223
Arbeidsgjevaravgift	3 113 918	3 113 337
Pensjonkostnader	3 019 688	3 320 188
Andre ytingar	382 112	309 972
Sum personalkostnader	26 064 122	25 765 720
Gjennomsnittleg tal faste årsverk	34	34

Det er i 2016 kostnadsført løn på kr 784 153, pensjonsforpliktingar på kr 91 779 og andre ytingar på kr 8 534, til saman kr 884 466, til dagleg leiar. Det er utbetalt kr 205 875 i honorar til styret og representantskapet. Det føreligg elles ingen ytingar til andre leiande personar eller eigarar. Det er for 2016 kostnadsført kr 44 000 i revisjonshonorar.

Note 3 - Driftsmidlar

	Maskiner/bilar	Utstyr	Bygg/anlegg/tomter
Ansk.kost. 01.01.	30 416 388	48 845 519	86 596 591
Tilgong i året	3 764 157	2 594 736	663 411
Avgong i året		11 250	0
Akkumulerte avskrivningar 31.12.	26 747 824	42 496 570	39 299 302
Bokført verdi per 31.12.	7 432 720	8 932 435	47 960 700
Årets avskrivning	2 784 822	2 457 532	3 583 810
Årets avskrivning i %	10-20 %	10-20 %	5-10 %
Økonomisk levetid	5-10 år	5-10 år	10-20 år
Avskrivningsplan	Lineær	Lineær	Lineær

Kjøp og sal av driftsmidlar frå 2012 og fram til dags dato:

	2012	2013	2014	2015	2016
Tilgong	8 422 595	22 904 722	26 318 692	1 508 324	7 022 304
Avgong	63 600	90 500	535 670	124 500	11 250

Note 4 - Bundne midlar

Per 31.12.2016 hadde selskapet bundne midlar (eigenkaptialfond) på kr 28 639 542. Bundne skattetrekksmidlar inneståande i bank per 31.12.2016 utgjorde kr 745 303.

Note 5 - Langsiktig gjeld

Selskapet hadde per 31.12.2016 ei lånegjeld på kr 29 812 500. Restgjelda om 5 år er kr 9 937 500 ved å følgja gjeldande nedbetalingsplan.

Note 6 - Aksjar

Langsiktige investeringar blir verdsett til kostpris. Dersom verkeleg verdi er lågare og dette ikkje er forbigåande, blir investeringa nedskrive. NGIR har følgjande eigardelar i selskap:

Namn	Tal aksjar	Pålydande	Kostpris	Bokført verdi
Rekom	30	15 000	15 000	15 000
Retura	60	60 000	102 000	102 000
Nordhordland Bioenergi	1	5 000	5 000	5 000
Eigenkapitalinnskot KLP				593 989
SUM				715 989

Note 7 - Kundefordringar og andre fordringar

Kundefordringar er vurdert til pålydande, redusert med avsetning for tap på krav med kr 120 000. Ingen kundefordringar forfell seinare enn eitt år.

Note 8 - Pensjonskostnader

NGIR har pensjonsordningar som omfattar alle tilsette. Pensjonsordninga er organisert gjennom ei kollektiv pensjonsforsikring. Ordninga gjev rett til ei definert framtidig yting. Denne er i hovudsak avhengig av oppteningsår, lønsnivå ved oppnådd pensjonsalder og storleiken på ytinga frå folketrygda. Forpliktingane er dekkja gjennom Kommunal Landspensjonskasse.

Netto pensjonskostnad	2016	2015
Noverdi av pensjonsopptjening i år	2 853 132	2 794 651
Rentekostnad av påløpt pensjonsforplikting	975 833	856 603
Forventa avkastning på pensjonsmidlane	-836 587	-722 007
Resultatført verknad av estimatavvik	255 474	644 750
Aga netto pensjonskostnad	441 741	434 138
Administrasjonskostnader	140 538	149 748
Resultatført planendring	0	0
Netto pensjonskostnad (inkl.adm.)	3 830 131	4 157 883

Balanse	2016	2015
Brutto påløpt forplikting	37 269 213	33 566 073
Pensjonsmidlar	-27 794 673	-24 416 404
Netto pensjonsforplikting	9 474 540	9 149 669
Arbeidsgjevaravgift	1 335 910	1 290 103
Netto forpliktingar inkl. aga	10 810 450	10 439 772
Ikkje resultatført verknad av estimatavvik	-6 655 280	-7 188 723
Netto pensjonsforplikting	4 155 170	3 251 049

Berekningsføresetnader	31.12.2016	31.12.2015
Forventa avkastning på pensjonsmidlar	3,60 %	3,30 %
Diskonteringsrente	2,60 %	2,70 %
Forventa årleg lønsvekst	2,50 %	2,50 %
Forventa årleg vekst i grunnbeløp til folketrygda	2,25 %	2,25 %

Avstemming	2016	2015
Balanseført netto forpliktelse 01.01.	3 251 049	1 576 139
Netto pensjonskostnad	3 689 593	4 008 135
Administrasjonskostnad	140 538	149 748
Arbeidsgjevaravgift	-361 584	-306 835
Forfalt premie	-2 564 426	-2 176 138
Balanseført netto forpliktelse 31.12.	4 155 170	3 251 049

Note 9 - Varelager

Varelager er vurdert til lågaste beløp av kostnad og verkeleg verdi.

Note 10 - Etterdriftsfond

Det er sett av kr 25 per tonn avfall som er lagt i deponiet til "Etterdriftsfond rekneskapsavsetning". Eit beløp tilsvarande kalkulatorisk rentekostnad (kr 742 149) vert overført frå opparbeidd eigenkapital til etterdriftsfond. Samla avsetning til etterdrift skal dekkja framtidige etterdriftsforpliktingar.

Note 11 - Skattekostnad

NGIR er skattepliktig for resultatet frå den delen av verksemda som er knytt til omsetnad av næringsavfall og bilvrak.

Årets skattekostnad består av:	2016	2015	
Betalbar skatt	538 898		
Endring utsett skatt	-1 278 870	0	
For mykje/lite avsett fjor	0	0	
Netto skattekostnad	-1 278 870	538 898	
Årets betalbare skatt kjem fram som følger:			
Resultat før skatt næring	-1 352 019	1 156 168	
Resultat før skatt bilvrak	117 383	85 827	
Midlertidige skilnader	680 525	744 575	
Permanente skilnader	0	9 349	
Grunnlag betalbar skatt	-554 110	1 995 918	
Midlertidige skilnader:	31.12.2015	31.12.2016	Endring
Rekneskapsmessig avsetjing	-4 093 990	-4 774 515	-680 525
Underskot til framføring		-554 110	-554 110
Sum midlertidige skilnader	-4 093 990	-5 328 625	-1 234 635
Utsett skattefordel (24%)		-1 278 870	-1 278 870

Utsett skattefordel pr. 31.12.2016 utgjer kr 1 278 870. Alle midlertidige skilnader kan utliknast, og dette er gjennomført ved beregning av utsett skatt. Selskapet har balanseført netto utsett skattefordel frå og med 2016. Årets endring av utsett skatt er difor kr 1 278 870.

Note 12 - Sjølvkost og utjamningsfond

Resultatet frå hushald og slam vert korrigert for alternativkostnad. Alternativkostnad vert utrekna ved å multiplisera historisk kostnad/netto anleggskostnad samt tomtekostnad (fråtrekt tidlegare års avskrivningar) med kalkylerenta. Kalkylerenta vert sett lik 5 års swaprente, med eit tillegg på 0,5 prosent. For 2016 utgjer den 1,68 %.

	Hushald	Slam
Resultat	-kr 2 204 981	kr 1 060 010
+ Bokført rentekostnad	310 619	293
- Bokført renteinntekt	359 003	2 218
- Kalkulatorisk rentekostnad *	741 777	352
= Sjølvkostresultat	-2 995 142	1 057 732
Utjamningsfond 01.01.	2 900 630	3 021 756
+ Sjølvkostresultat	-2 995 142	1 057 732
+ Rente utjamningsfond 2016	23 628	59 792
= Utjamningsfond 31.12.	-70 884	4 139 281

* Kalkulatorisk rentekostnad hushald: Gjennomsnittsverdi anleggsmiddel kr 44 048 503 x 1,68 % = kr 741 777.

* Kalkulatorisk rentekostnad slam: Gjennomsnittsverdi anleggsmiddel kr 20 919 x 1,68 % = kr 352.

Kontantstramanalyse 01.01.-31.12.

LIKVIDAR TILFØRT OG BRUKT PÅ VERKSEMDA

	2016	2015
Tilført frå årets verksemd*)	7 725 429	8 677 862
Endring i debitorar	-630 704	3 015 777
Endring i leverandørgjeld**)	1 351 804	-3 474 618
Endring i kortsiktig gjeld	-567 744	-2 687 400
Endring i ferdigvarer	554 629	2 479 038
A=NETTO LIKVIDITETSENRING FRÅ DRIFT	8 433 415	8 010 658

LIKVIDER TILFØRT OG BRUKT PÅ INVESTERINGAR

Investeringar i varige driftsmidlar	-7 022 304	-1 508 324
Sal av varige driftsmidlar	11 250	124 500
Endring i aksjar og eigenkapitalinnskot	-76 257	-59 902
B=NETTO LIKVIDITETSENRING FRÅ INVESTERINGAR	-7 087 311	-1 443 726

LIKVIDER TILFØRT OG BRUKT PÅ FINANSIERING

Endring i interessekapital	0	0
Opptak av nye lån	0	0
Pensjonsforplikting 01.01.	-3 251 049	-1 576 139
Pensjonsforplikting 31.12.	4 155 171	3 251 049
Avsetning til etterdriftsfond	680 525	744 575
Endring utsett skattefordel	-1 278 870	
Nedbetaling av gamal gjeld	-3 975 000	-3 975 000
C=NETTO LIKVIDITETSENRING FRÅ FINANSIERING	-3 669 223	-1 555 515

A+B+C = NETTO ENDRING I LIKVIDER GJENNOM ÅRET

+ Likviditetsbeholdning 01.01.	52 239 818	47 228 402
= Likviditetsbeholdning 31.12.	49 916 699	52 239 818

*) Tilført frå årets verksemd:

Resultat før årsoppgjersdisposisjonar	-1 100 736	-1 092 517
+ Avskrivningar	8 826 165	9 770 379
Sum tilført frå årets verksemd	7 725 429	8 677 862

**))Auke i leverandørgjeld - auke i forskot til leverandørar



Til representantskapet i NGIR IKS

Uavhengig melding frå revisor

Uttale om revisjonen av årsrekneskapen

Konklusjon

Vi har revidert NGIR IKS sitt årsrekneskap som viser eit underskot på kr 1 100 736. Årsregnskapet er sammansett av balanse per 31. desember, resultatrekneskap og pliktige budsjettopplysingar for rekneskapsåret som er avslutta per denne datoen, notar til årsrekneskapen og kontantstraumanalyse, samt eit samandrag av viktige rekneskapsprinsipp.

Etter vår meining er den vedlagte årsrekneskapen gjevne i samsvar med lov og forskrifter og gjev eit rettvisande bilete av selskapet si finansielle stilling per 31. desember 2016 og av resultat for rekneskapsåret som er avslutta per denne datoen i samsvar med reglane i rekneskapslova og god rekneskapskikk i Noreg.

Grunnlag for konklusjonen

Vi har gjennomført revisjonen i samsvar med lov, forskrift og god revisjonsskikk i Norge, inkludert dei internasjonale revisjonsstandardane International Standards on Auditing (ISA-ane). Våre oppgåver og plikter i samsvar med disse standardane står skreve i Revisor sine oppgåver og plikter ved revisjon av årsrekneskapen. Vi er uavhengige av selskapet slik det er pålagt i lov og forskrift, og har utøvd våre andre etiske forpliktingar i samsvar med disse krava. Etter vår oppfatning er innhenta revisjonsbevis tilstrekkeleg og hensiktsmessig som grunnlag for vår konklusjon.

Anna informasjon

Leiinga er ansvarleg for anna informasjon. Anna informasjon gjeld årsmelding, men gjeld ikkje årsrekneskapen og revisjonsmeldinga.

Vår uttale om revisjonen av årsrekneskapen dekkjer ikkje anna informasjon, og vi attesterer ikkje anna informasjon.

I samband med revisjonen av årsrekneskapen er det vår oppgåve å lesa anna informasjon med det føremål å vurdere om det føreligg vesentleg inkonsistens mellom anna informasjon og årsrekneskapen, kunnskap vi har opparbeida oss under revisjonen, eller om den tilsynelatande inneheld vesentleg feilinformasjon.

Dersom vi inkluderer med at den anna informasjonen inneheld vesentleg feilinformasjon er vi pålagt å rapportere det. Vi har ingenting å rapportera i samband med det.

Styret og dagleg leiar sitt ansvar for årsrekneskapen

Styret og dagleg leiar er ansvarleg for å utarbeida årsrekneskapen i samsvar med lov og forskrifter, samt at det gjev eit rettvisande bilete i samsvar med reglane i rekneskapslova, god rekneskapskikk i Noreg, tilleggsbestemmelser i lov om interkommunale selskap og forskrift om årsbudsjet, årsrekneskap og årsmelding for interkommunale selskap. Leiinga er også ansvarleg for slik intern kontroll som dei finn er naudsynt for å kunna utarbeida ein årsrekneskap som ikkje inneheld vesentleg feilinformasjon, korrkje som fylgje av mislighald eller feil.

Ved utarbeidinga av årsrekneskapen må leiinga ta standpunkt til selskapet si evne til framleis drift og opplysa om tilhøve som har innverknad for framleis drift. Føresetnaden om framleis drift skal leggjast til grunn for årsrekneskapen så lenge det ikkje er sannsynleg at verksemda vil verta avvika.

Revisor sine oppgåver og plikter ved revisjonen av årsrekneskapen

Vårt mål med revisjonen er å oppnå rimeleg tryggleik for at årsrekneskapen ikkje inneheld vesentleg feilinformasjon, korkje som fylgje av misleg framferd eller utilsikta feil, og å gje ei revisjonsmelding som inneheld vår konklusjon. Rimeleg grad av tryggleik er ei høg grad av tryggleik, men ingen garanti for at ein revisjon utført i samsvar med lov, forskrift og god revisjonsskikk i Norge, samt ISA-ane, alltid vil avdekka vesentleg feilinformasjon som eksisterer. Feilinformasjon kan oppstå som fylgje av misleg framferd eller utilsikta feil. Feilinformasjon vert vurdert som vesentleg dersom den enkeltvis eller samla med rimelig grad kan forventast å påverka økonomiske avgjerder som brukarane føretak basert på årsrekneskapen.

Som del revisjonen i samsvar med lov, forskrift og god revisjonsskikk i Noreg, samt ISA-ane, utviser vi profesjonelt skjønn og utviser profesjonell skepsis gjennom heile revisjonen. I tillegg:

- skal vi identifisera og vurdere risikoen for vesentleg feilinformasjon i rekneskapen, enten det skuldast misleg framferd eller utilsikta feil. Vi utformar og gjennomfører revisjonshandlingar for å handtera slik risiko, og innhentar revisjonsbevis som er tilstrekkeleg og hensiktsmessig som grunnlag for vår konklusjon. Risikoen for at vesentleg feilinformasjon som fylgje av mislig framferd ikkje vert avdekka, er høgare enn for feilinformasjon som skuldast utilsikta feil, sidan misleg framferd kan vera samarbeid, forfalsking, bevisste utelatingar, urette framstillingar eller overstyring av intern kontroll.
- skal vi opparbeida oss ei forståing av den interne kontroll som er relevant for revisjonen, for å utforma revisjonshandlingar som er hensiktsmessige etter omstenda, men ikkje for å gje uttrykk for ei meining om effektiviteten av selskapet sin interne kontroll.
- skal vi evaluera om dei rekneskapsprinsippa som er nytta er hensiktsmessige og om dei rekneskapsestimat som er nytta og tilhøyrande noteopplysningar utarbeida av leiinga er rimelege.
- skal vi konkludera på hensiktsmessigheten av leiinga si bruk av framleis drift-føresetnaden ved utarbeidinga av rekneskapen, basert på innhenta revisjonsbevis, og om det føreligg vesentleg usikkerheit knytt til hendingar eller tilhøve som kan skape vesentleg tvil om selskapet si emne til framleis drift. Dersom vi konkluderer med at det eksisterer vesentleg usikkerheit, vert det kravd at vi i revisjonsmeldinga gjev merksam på tilleggsopplysningane i rekneskapen, eller, dersom slike tilleggsopplysningar ikkje er tilstrekkelege, at vi modifiserer vår konklusjon om årsrekneskapen og årsmeldinga. Våre konklusjonar er basert på dei revisjonsbevis som er innhenta inntil datoen for revisjonsmeldinga. Etterfylgjande hendingar eller tilhøve kan likevel føra til at selskapet ikkje held fram med drifta.
- skal vi evaluera vi den samla presentasjonen, strukturen og innhaldet, inkludert tilleggsopplysningane, og om årsrekneskapen utgjer dei underliggjande transaksjonane og hendingane på ein måte som gjev eit rettvissande bilete.

Vi har kontakt med leiinga blant anna om planlagt omfang av revisjonen og til kva tid revisjonsarbeidet skal utførast. Vi utvekslar også informasjon om vesentlege tilhøve som vi har avdekka under revisjonen, samt om eventuelle vesentlege avvik i den interne kontrollen.

Uttale om andre lovmessige krav

Konklusjon om årsmeldinga

Basert på vår revisjon av årsrekneskapen som skildra ovanfor, meiner vi at opplysningane i årsmeldinga om årsrekneskapet, føresetnaden om framleis drift og framlegget til dekning av underskotet er konsistente med årsrekneskapen og i samsvar med lov og forskrifter.

Konklusjon om registrering og dokumentasjon

Basert på vår revisjon av årsrekneskapen som skildra ovanfor, og dei kontrollhandlinga vi har funne naudsynt i samsvar med internasjonal standard for attestasjonsoppdrag (ISAE) 3000 «Attestasjonsoppdrag som ikkje er revisjon eller forenkla revisorkontroll av historisk finansiell informasjon», meiner vi at leiinga har oppfylt si plikt til å syrgja for ordentleg og oversiktleg registrering og dokumentasjon av selskapet sine rekneskapsopplysningar i samsvar med lov og god bokføringsskikk i Noreg.

Isdalstø, 09.05.2017

Nordhordland Revisjon IKS



Reidar Bjørsvik
Revisjonssjef

Representantskap 2016



Austrheim:
Gro Kaland
Hardy Pedersen



Fedje:
Ingmar Stuberg
Åge Storemark



Gulen:
Lars Atle Larsen
Rune Håvåg



Lindås:
Nina Stabell Øvreås
Leif Hosøy Sleire
Leidulv Brunborg



Masfjorden:
Egil Kvingedal
Ragnvald Tangedal



Meland:
Mabel Ingeborg Johansen
Tormod Skurtveit



Modalen:
Liv-Anne Aanesen
Frank Stian Steinsland



Radøy:
Torill Helland
Leif Taule



Solund:
Steinar Krakhellen
Linne Lending

Leiar i representantskapet:
Liv-Anne Aanesen

Nestleiar:
Torill Helland

